

Vekeplan 5.trinn



Time kommune

Lye Skule

Veke: 22

Mål	
Norsk	Elevane skal læra seg å argumentera for og imot.
Matte	Elevane skal repetere kapittelet om algebra.
Engelsk	Elevane skal arbeida med engelske tekstar.
Sosialt	Eg går rett ut til friminutt når det er friminutt.

Timeoversikt

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1. økt 8.30 - 10.00	Kunst og handverk	Topptur	Tema	Kristi himmelfartsdag (Fri)	Fri
2. økt 10.15 - 11.15	Kunst og handverk		Sosial utvikling		
3. økt 12.00 - 1300	Matematikk		Matematikk		
13.00 - 13.20	Fysisk aktivitet		Norsk	Fysisk aktivitet	
4. økt 13.20 - 14.20 (13.10 - 14.10, onsdag)	Engelsk		Slutt 14.10		

Meldingar til heimen:

Timebestilling til helsesjukepleier:


<https://outlook.office365.com/owa/calendar/Helsesjukepleiar@time.kommune.no/bookings/>

4. - 7. trinn skal på topptur på tysdag. Sjå eige skriv.

Elevane har fri på torsdag og fredag.

til tysdag	til onsdag	til torsdag	til fredag
Lesing:	Rekning:	Lesing:	Lesing:
Les ein gong høgt for deg sjølv og ein gong for ein vaksen. Overskrift: Veke 22 og set inn eit bilete som passar. A "Gaming - betre enn du trur" i Saltoboka B s. 128 eller Skolestudio Salto "Sei meininga di" kapittel 13. 1. Korleis kan gaming vera sosialt? 2. Korleis kan gaming vera lærerikt? B: "Ulike typar argument" s. 126 og 127 i Saltoboka B eller Skolestudio Salto "Meir å lese" kapittel 13. 1. Kva er eit faktaargument? 2. Kva er eit kjensleargument?	Elevane skal jobba 20 minutt på mattemaraton på Kikora.		
Diktat/finskrift: SOL - ord.		Glossary	

Topptur 2025



Tysdag den 27. mai blir det felles topptur for elevane på 4.-7.trinn. Dette har no blitt ein tradisjon for elevane på mellomtrinnet. Du møter klokka 8.30 i klasserommet. Elevane møter i aulaen klokka 09.00 for informasjon og felles start på turen. Dei som skal ha frukt og mjølk, får det før me går.

Turen går innom toppane Håfjell, Prekestolen og Varden. Me tek ein stopp undervegs, slik at me kan eta ei skive eller to. Etter at me har vore på Varden, går me tilbake til Lyeparken ved Andedammen. Når me kjem fram, kan ein eta nudlar, «rett i koppen», grilla pølser på grillen, eller brødmat o.l.

Etter mat kan ein leika, driva med friidrett, spela fotball, etc.

Hugs gode turklede, i tillegg er det viktig at du er godt skodd. Me skal gå ein del i terrenget og det kan vera blaut somme stader. Sjekk vêrmeldinga kvelden før!

Når me er mange på tur, blir det lett kø ved gjerdeklyvarane. Då må me vera tolmodige. Alle skal bruke gjerdeklyvarane, slik at me ikkje øydelegg gjerda/steingardane til grunneigarane. I tillegg må alle passe på å ta med seg sitt eige **søppel** heim.

Ein lærar går heilt først. Ingen elevar har lov til å gå framfor denne læraren!

Skulen sluttar til vanleg tid. Me avsluttar dagen i Lyeparken.

I sekken tek du med:

- pølser til grilling, nudlar/»rett i koppen» og matpakke. Hugs eit par skiver ekstra til mellommåltid på turen.
- gaffel/skei/pølseklype
- godt med drikke (**vatn** + saft, juice, te eller kakao)
- sitjeunderlag
- gode sko
- ekstra sokkar/genser
- regnklede (sjekk vêrmeldinga)
- pose til å ha søppel i

Helsing lærarane på 4. - 7. trinn